



Hordaland sogelag
Giljavegen 340
5708 Voss

Dato: 29.06.2018
Vår ref.: 2018/781-19
Saksbehandlar: stubind
Dykkar ref.:

Att. Knut Farestveit

Driftstilskot 2018 - Hordaland sogelag

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til sogelag / historielag og lokalhistorisk arbeid for 2018.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 13.02.2018, sak 24/18 vedteke å tildele Hordaland sogelag kr 37.000,- i fast driftstilskot.

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding. Rapporten skal merkast med saksnummer 2018/781.

UTBETALING

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF – format.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367
Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2018/781
Ressursnummer: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Dette må skje seinast 01.10.2018. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Det er også høve til å få tilskotet utbetalt på anna måte. De må då sende ein e-post der de ber om dette, med ei kort stadfesting på at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg i tilsegnsbrevet. Dette sendast hfk@hfk.no og merkast med saksnummer 2018/781

Per Morten Ekerhovd
kst. Fylkesdirektør kultur og idrett

Elisabeth Bjørsvik
kst fylkesarkivarr

Sakshandsamar: Sturla Binder, Roger Kvarsvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.